

VETLEHAGEN NØRDRE



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Vetlehagen ligg i Nordherad, ovanfor nordgard Sandnes. Paul Olsen f. 1830 frå Luster vart i 1853 gift med Gunhild Hansdotter Ulsanden 1821-1870, dotter til Hans Helleløkken Ulsandsnikkeren. I 1856 og 1861 er dei nemnde i Sandneshagen, dette er truleg nördre Vetlehagen. Seinare flytte dei til Høgberget. Paul vart etter det han var frå Sogn kalla Sygne-Pål. I 1865 var Ingebor Knutsdotter f. 1795 føderådskone, dette må vera mor til Gunhild, ho døydde hjå ei anna dotter på Flåten i 1877.

I 1865 var Ole Toresen f. 1835 husmann i Lillehagen. Ole Toresen Kleiveneie (Løkken) vart i 1856 gift med Kari Paulsdotter Valbjørsløkken 1836-1923, i 1860 er dei i Valbjørsløkken medan dei er i Sandneseie/Lillehagen frå 1864. Ole og Kari hadde barna

Paul 1856-1856

Paul f. 1857

Anne f. 1860

Marit f. 1864, utflytt 1879, til Ner-Stryn?

Ole f. 1867

Hans 1872-1962, neste brukar

Mari f. 1874, hadde med Hans Iversen Kveen f. 1877 dottera

Ymbjør 1902-1979

Ragnhild f. 1877

Lillehagen nordre vart skyldsett i 1923 som gnr. 78 bnr. 8, og i 1924 var det skjøte frå styret i Nordherreds bygdealmening til Hans Lillehagen for kr 100,-.

Ymbjørg Lillehagen 1902-1979 vart i 1934 gift med Paul Sveahaugen 1896-1986, dei budde i Dalestugu, men flytte seinare til Vetlehagen.

Deira dotter Mari Sveahaugen f. 1938 overtok bruket i 1968. Ho hadde sonen John 1966-1996.

I 1875 var det 1 ku og 2 sauer i Vetlhagen, medan det ikkje sådd noko. Ti år før var det sådd ½ tønne bygg.

*Kjelder: Norsk Gardsbruk 1953 – 1997
Folketelling 1865, 1875, 1900
Panterregister
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Mari Sveahaugen: munnleg fortalt*